



Det set oss alltid i god stemning å passere, eller stikke innom, Gro`s Blomster(Foto: Gro`s Blomster)

I førjulstida og juletida er bygda vår naturleg sterkt prega av julestemning. Tradisjonar og dekorasjonar får oss i den rette stemninga. Dette rører ved oss når vi kjører gjennom den julepynta bygda med Julegrano, kyrkja i flaumljos, blomebutikken fylt av julefargar og lys, og vakre private dekorasjonar.

Hobbyfotograf Einar Gjertsen har, på oppfordring, sendt oss tre bilde der han fangar opp korleis julepynta bygd og tradisjonar set oss i stemning. Ved å klikke på bileta får de dei i full storleik.

Tekst: Thor Inge Døssland

Kyrkja og Grano:



Den vakre julegrana er vi med rette stolte av. Den er til glede for alle forbigasserande. Kyrkja, sentral som den er i julehøgtida, ligg vakkert til og opplyst av flaumljoset er den særst vakker i denne tida av året. Dette biletet er teke frå Sjøhaugen og kyrkja og grana utgjør saman eit stemningsfullt julemotiv.

Dei vakre juletonane:



Julemusikken er viktig for å kome i høgtidsstemning. Her er musikkveteranane Bjørgulv Eik(80 år) og Leif Matre (76 i dag(Gratulerer)) fotografert under årets julegrantenning. Bjørgulv har spela ved alle 50 tenningane, og Leif ligg ikkje langt etter. Mykje god julestemning

har kome ut av instrumenta til desse to karane. I morgon kveld spelar dei saman med andre musikarar på den tradisjonsrike julefesten i Vonheim.

Børsdalsnissen:



Børsdalsnissen er svært populær og viktig i bygda rundt juletider. Det har han vore i mange år. Han dukkar opp både på bygdearrangement og i private samanhengar. Etter det vi veit, høyrer han til den snillaste nissefamilien i mils omkrins. Gjennom åra har eg møtt på tre av brødrene hans: Torghusnissen, Ulvanosnissen og Breimstølsnissen. Denne nissefamilien dukka opp i Kvinnherad rundt 1975, og den første eg møtte på var den eldste av brødrene, Torghusnissen. Felles for alle nissebrødrene er at dei skaper ekstra god julestemning med å spela julemusikk på trekkspel og andre tangentar. Biletet er teke fra damevennene sitt arrangement ved julegrantenninga i år. Like før jul var tvillingbroren til Børsdalsnissen som heiter Breimstølsnissen, på Vaksenopplæringa sin julefest for våre nye landsmenn, og nissen vart like poulær blant folk frå Asia og Afrika som han er blant uskedelingar.